



Arkivnr: 2018/7924-52

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Hanne Espe

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.11.2018

Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Tildeling 2018.**Samandrag**

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet . KUP er eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

Generelt:	
Budsjett 2018:	6 637 000 kroner
Kan avsetjast til prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:	500 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.juni
Vedtak kriteria:	Kiru 16.02.16: PS 33/2016
Vedtekne programområde:	A. Formidling og deltaking B. Samordning og samhandling C. C. Kunstløftet – kunstnarleg nyskaping
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Fordeling 2018:	
Tal på søknadar:	46
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	20
Samla søknadssum:	21 530 250 kroner
Tilrådd fordeling:	6 637 000 kroner

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) hadde i møte 22.10.18 opphavleg Kulturelt utviklingsprogram (KUP) og tildeling 2018 på sakskartet for handsaming og vedtak.

Etter offentleggjering av fylkesrådmannen si innstilling, vart det avdekka ein teknisk feil ved søknadsmodulen som hadde medført at ein søknad ikkje var blitt korrekt registrert i systemet, og såleis ikkje inngjekk i saka. På bakgrunn av dette valte Fylkesrådmannen å trekke saka om tildeling av KUP-midlar frå dette møtet (22.10.18). Alle søkjarane til KUP 2018 fekk brev om dette og at ny sak om tildeling av midlar frå KUP 2018 vert handsama i utvalmøtet 13.11.18.

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande vilkår som søknadane har vore vurdert opp mot:

Vilkår for KUP-tildeling

- Det vert ikkje gjeve stønad til ordinær drift og investeringar.

- Søknaden skal vera innretta mot eit eller fleire programområde.

Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på:

1. i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområde:
 - a. Formidling og deltaking
 - b. Samordning og samhandling
 - c. Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping
2. i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
3. i kva grad prosjektet har betydning for større regionar, heile fylket eller Vestlandet
4. i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
5. i kva grad prosjektet vil føre til meirverde for kultursektoren
6. i kva grad prosjektet klarer å bli synleg
7. i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
8. i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
9. i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)
10. i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinsiering (nasjonal/internasjonale)

Det er fagleg og kunstnarleg breidde i dei tilrådde løyvingane, og dei fleste sjangrar / felt innan kulturlivet er representerte, både det frivillige og profesjonelle. Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i programområda og oppfyller viktige satsingar i regional kulturplan PREMISS: KULTUR. Det har vore viktig å halde fast ved at dette er utviklingsmidlar og skal gje høve til utprøving av nye idear, og ein har slik vore nøye med at dei tilrådde prosjekta har ein klår prosjekttanke og tydelege utviklingsmål.

Fleire av søknadane gjeld støtte til tiltak som ligg tett på ordinære driftsoppgåver. Generelt vert det, også ved tildeling av driftsstøtte, stilt krav til kunst- og kulturinstitusjonar om løypande arbeid med vidareutvikling. For nokre mottakarar av driftsstøtte kan dette vere vanskeleg å prioritere – særleg då mange er små og har ein trong økonomisk driftsramme. Men fylkesrådmannen ser det som viktig at tiltak som vert tilrådd støtte gjennom KUP, kan løftast opp og visast fram som prosjekt med eit tydeleg utviklingsperspektiv. Dei utvalde prosjekta skal også i hovudsak vere nye satsingar og tiltak.

Graden av nyskaping kan vere vanskeleg å fastsetje / vurdere, spesielt når det gjeld kunstprosjekt. Eit kvart nytt tiltak kan vere eit nytt prosjekt, men på same tid ein del av ein kunstinstitusjon / -aktør sine ordinære aktivitetar og kan dermed også sjåast på som driftsoppgåver. Der er no etter kvart m.a. fleire søkjarar som tidlegare har fått treårig KUP-støtte til eit meir generelt utviklingsarbeid som søker igjen med til dels nærstående prosjekt.

Det har gjennom åra vore fleire museum som har søkt og som har fått støtte til utviklingsprosjekt gjennom KUP. Museumsfeltet er viktig og spelar ei brei samfunnsrolle rundt om i fylket. Mange av musea har store driftsutfordringar og difor også lite rom for utviklingstiltak innan driftsbudsjettet. Dette visast også i søknadane til KUP. Dei siste åra har det vore sett av midlar til tiltak som stettar prioriterte innsatsområder i Museumsplanen i tilskotsordninga Museumsløft. Ein del av utfordringane må løysast gjennom denne tilskotsordninga.

Det ligg også føre fleire søknader som gjeld utvikling av digitale tenester til publikum/brukarar. Dette er eit prioritert område i regional kulturplan, og er i mange tilfelle ein del av ei forventa utvikling for kulturverksemdene. Fylkesrådmannen har såleis vore tilbakehalden med å tilrå støtte til slike tiltak gjennom KUP, med mindre det ligg føre særskilt nyskapande utprøving og stor overføringsverdi.

Det ligg føre fleire søknader som gjeld kartlegging av kunstfelt / kulturaktivitet i Sogn og Fjordane fylke. Dette ser fylkesrådmannen som positivt, og dei kan gje eit realistisk grunnlag for vidareutvikling både for den enkelte organisasjon eller kunstform etter regionsreforma, og for den offentlege støtta til kulturlivet.

Til saman kan 500 000 kroner løyvast kvart år til prosjekt innan idrett og friluftsliv. Når det gjeld søknadar til prosjekt innan desse to felt er det ingen av desse som stetter programområde og fyller kriteria til å kunne tilrådest KUP-midlar.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#) .

Forslag til innstilling/vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 6 637 000 kroner frå konto 10.400.770 Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding	Merknad
1	ANNABEL BALEAN GUAITA	'Notelangs' Lyttverksted, kritikersalonger og samtaler. Prosjektledere: Maja Skanding og Annabel Guaita	1 år	100 000	
7	Borealis	Borealis Radius	3 år	650 000	
8	Festspillene i Bergen	Digital kurator	3 år	350 000	
13	HORDALAND MUSIKKRÅD	Møteplass for det frivillige musikklivet	1 år	90 000	
17	KULTURKRAFT HARDANGER	Kulturkraft Hardanger	3 år	400 000	Føresetnad at anna finansiering vert innvilga.
18	Litteraturhuset i Bergen	Bergen internasjonale litteraturfestival for sakprosa og skjønnlitteratur, LittfestBergen	1 år	300 000	
19	MARIE NERLAND	In Public - Kunst i uterom	1 år	200 000	
23	NATTJAZZ	Jazzmetoden - talentutviklings-program for barn og unge	3 år	300 000	For 1 år
24	Norges Musikkorps Forbund Hordaland	Inkluderings-praktikant i korps	3 år	172 000	
25	Osterøy kulturskule	Osterøy-stemmer	1 år	125 000	
27	Performance Art Bergen	PAB OS - Open session	3 år	300 000	
28	PROSCEN - PRODUSENT- ENHET FOR SCENEKUNST	Scenatorget	2 år	200 000	
31	STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER	Dans i hele Vestland fylke	2 år	130 000	

34	STIFTELSEN MUSEUM VEST	MuseumsLosen - en digital fellesløsning for museum - skole samarbeidet	2 år	350 000	
36	STIFTELSEN NYE FYLLINGS-DALEN TEATER	RØST	1 år	100 000	
37	STIFTELSEN VESTNORSK JAZZSENTER	Stamvegen Utvidet	1 år	120 000	
38	STIFTINGA FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS	Bygda dansar Hordaland	3 år	450 000	
42	TUSEN OG 1 W 1001W	Fjell festning Light festival piloter i regionen	3 år	600 000	
44	VESTLANDS- UTSTILLINGEN	Søknad om videreutvikling av Vestlands-utstillingen	3 år	300 000	For 1 år
45	VESTNORSK FILMSENTER AS	Oppstart av et Filmveksthus	3 år	1 400 000	
	SUM			6 637 000	

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	Søkjar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
2	APAGON AS	Codeit	1 år	277 000	105 000
3	Bergen Filmutvikling AS	Tilgjengeliggjering av kulturhistorisk filmmateriale	2 år	2 358 000	1 000 000
4	BERGEN KOMMUNE	SceneTekst	3 år	3 850 000	600 000
5	BERGENS- TRIENNALEN AS	Plattform Bergen Assembly	2 år	4 400 000	1 600 000
6	B-OPEN	NYE FORMIDLINGS- TILTAK FOR B-OPEN 2019-2021	3 år	629 400	285 000
9	FJORDA- BAATANE	Forprosjekt for etablering av mogeleg samarbeid for utvikling av formidling om veteranbåtane.	1 år	250 000	250 000
10	GET TOGETHER	Kron Ham	1 år	530 000	50 000
12	HISTORY DISPOSAL UNIT	Sammen-knytning og utstrekning	3 år	4 331 200	450 000
14	Ice Music Festival Norway	Ice Music Festival på Finse	3 år	2 751 000	600 000
15	KULTUR VEST AS	Kompetanseløft for unge kulturledere	1 år	270 000	120 000

16	KULTUR VEST AS	kulturibergen.no/KUBE - videre arbeid med utgangspunkt i KUP-forprosjekt	1 år	188 000	50 000
20	Memoar	Krafttak for munnleg historie i Hordaland	3 år	520 250	520 250
21	Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå	"Siste kjangs". Intervju / dokumentasjon av historier som dei gamle på Havrå framleis husker frå sine foreldre / besteforeldre, samt egne opplevingar.	2 år	417 000	350 000
22	Museumssenteret i Hordaland, avd. Norsk Trikotasje-museum	Utvikling av Galleri Salhus som arena for tekstilkunst i Hordaland	1 år	460 000	260 000
26	Pamflett	Kunnskaps-formidling av stensiltrykk (risografi)	2 år	470 920	200 000
30	Stiftelsen 3,14 Hordaland Internasjonale Fylkesgalleri (Kunsthall 3.14)	Close Encounter	3 år	603 000	300 000
32	Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	Informasjons-kapsler i museet	2 år	415 000	160 000
33	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Tilgjengelig-gjøring av Rosenkrantz-tårnet for alle	1 år	332 400	200 000
35	STIFTELSEN MUSEUM VEST	"Sjøhagen" Demonstrasjonsanlegg og opplæring tare	2 år	301 000	200 000
39	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kunst, arv og endring	2 år	1 301 000	400 000
40	STIFTINGA KYSTSOGE-VEKENE	Ein stream av kystkultur	2 år	500 000	250 000
41	Tt-B	Tilstander av Unntak, Tore Vagn Lid og Transiteatret	3 år	7 590 000	900 000
43	Vestlandske Teatersenter	VESTNORSK KULTURARENA	3 år	900 000	900 000
46	Yuko Ringdal	Japansk-språkleg bokprosjekt, "Dei ti norske kvinnene - Liva av kvinner som har kjempa for norsk likestilling gjennom 200 år."	3 år	539 000	20 000

Prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:

	Søkjjar	Prosjektnamn	Periode	Totalbudsjett	Søknadssum
--	---------	--------------	---------	---------------	------------

11	HAUGESUND TURIST- FORENING	Flokehyttene ved Ryvarden Kulturfy	1 år	13 387 500	1 000 000
29	SPORTS- KLUBBEN DJERV	Historietorget. Et idretts- og kulturhistorisk museum for Hordaland på Møhlenpris	2 år	440 000	200 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.10.2018

Sjå vedlagt søknadsoversikt med fylkesrådmannen sine vurderingar. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.